



Ole Kristian Due talar over teksten frå Salme 32

Mykje folk var samla i Uskedal kyrkje då den nye presten, Ole Kristian Due, vart innsett som prest i soknene Uskedalen, Husnes og Holmedal i føremiddag.



[Ole Kristian Due saman med Svein Arne Theodorsen, prost i Sunnhordland.](#)

Prost Svein Arne Theodorsen i Sunnhordland prosti helsa velkomen og soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen las opp innsetjingskrivet frå fungerande bisp i Bjørgvin Per Barsnes.

Ole Kristian Due har utdanning frå Misjonshøgskulen i Stavanger.

Prosten helsa med eit engelsk ord: Ei dobbel lytting.

Med det ville han sei til Due at han i si prestegjering skulle lytta til Guds ord, men og til det som kjem fram i kyrkjelyden. Det gjeld å ha gode lyttepostar og vera lydhøyr for det som vert sagt av born, vaksne, på bensinstasjonen og i båthamna.

Due tala over teksten frå Salme 32 og som tek til slik: Sæl er den som får sine synder tilgjevne.

Det var ei klar og overtydande preike om det vonde samvitet og trøyst og Guds tilgjeving.

Han understreka den rettferdige Gud for undertrykte og utstøytte i samfunnet.

Røysterett for alle med sin dirigent Maria Malmsten framførte Bruremarsj frå Østerdalen, Petter Dass-salmen Herre Gud ditt dyre namn og æra, utdrag frå Mariamusikken og Ave verum av Edvard Elgar.

Ave verum vart framført med tonefylgje frå organist Peter Couzens.

Etter gudstenesta var det festsamkome i Valen kyrkje.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Prosesjon i Uskedal kyrkje. Fremst: Møyfrid Kristoffersen og Torstein Aarhun - soknerådsleiar i kvar sine sokner.